

# TOKKE KOMMUNE

KOMMUNESTYRET

SITT VEDTAK TIL

HANDELINGSPROGRAM OG BUDSJETT

2020

ØKONOMIPLAN

2020-2023



Kap	Innholdsliste	side
1	Innleiing frå rådmannen	3
2	Om dokumentet	6
3	Handlingsprogram 2020 -2023	6
4	Budsjett 2020, økonomiplan 2020– 2023 - Investeringsbudsjettet	7
5	Planområde 1 og 6	9
6	Planområde 2	15
7	Planområde 3	23
8	Planområde 4	33
9	Kommunale avgifter og brukarbetaling	43
10	Fond og gjeld	44
11, 12	Budsjettvedtak	44
13	Vedlegg	49

## 1. Innleiing

Arbeidet med budsjett 2020 er forankra i årsmelding og rekneskap for 2018, kommunestyrets vedtak om budsjettet for 2019 og økonomiplan for 2019-21, gjort i desember 2018 og juni 2019 og dialogmøte med kommunestyret 16. mai 2019. Det er også teke omsyn til arbeidet som er gjort på etatane, ved kyrkjekontoret og i etablerte og nye interkommunale samarbeid i løpet av året i tillegg til føringar frå politiske vedtak og kvartalsrapportar. Budsjettet er også tilpassa krav i ny kommunelov som trer i kraft samtidig med at nytt kommunestyre vart konstituert.

Føringar gjeve gjennom statsbudsjettet er og teke inn i arbeidet. Dialog-/ budsjetttdrøftingsmøte 15.05.2019 med kommunestyret, gruppeleiarar, hovudutvalsleiarar, rådmannen, etatssjefar, stabssjefar, kyrkjeverje, hovudtillitsvalde og hovudverneombod er med på å få fram problemstillingar og føringar for det endelige framlegget frå rådmannen. Det er også i år størst utfordringar knytt til økonomien i helse- og omsorg, men også PNT har ein anstrengt økonomi som har hatt ekstra fokus no.

Driftsresultatet for 2018 var svært godt og det er gode utsikter for totalbudsjettet også i 2019, sjølv om dei to nemnde etatane ser ut til å gå i underskot. Ved HO er det lønsutgiftene som er utfordringa knytt til vikariering og mangel på personell, noko som igjen fører til dyr innleige. For PNT er det nok faste utgifter som aukar også no, slik som til dømes straum og brøyting. Dei har også hatt ein del uføresette utgifter på driftssida.

Målsetjinga om å ha 7-10% på disposisjonsfond, opp mot 25 mill, blir truleg ein realitet i 2019 og me vil difor ha ein god sikkerhet i botn ved svingingar i økonomien, sjølv om ein del av pengane er bunde opp.

Signala er framleis at me må spare der me kan, men innan nokon område aukar også utgiftene.

Interkommunalt samarbeid er stadig eit aktuelt tema og me har fleire slike som startar opp frå 01.01.2020. NAV Vest-Telemark kjem på plass på Dalen frå årsskiftet og det er bra at me får det til i kommunen vår. Utgiftene her skal ikkje auke, men i ein overgangsperiode må me nok rekne med litt ekstra knytt til dette. Psykologtenesta i kommunen blir knytt til eit samarbeid plassert i Seljord og her vil me få kostnader knytt til ca. 1/5 del av det tenesta kostar 3 – 400.000 kroner. Midlane skal inn i overføringane frå Staten, men me veit at det er usikkert. Kraftkompetanse KO i Vinje vert også etablert frå årsskiftet og vil koste oss ca. 200.000 som må inn i ramma på sentral, i tillegg kjem innkjøpssamarbeidet i Midt- og Vest Telemark (TIS KO) inn, stasjonert i Bø, med ein ekstra kostnad på 160.000.

I tillegg er det signalisera at dei oppjustera rammene som barnevernstenesta har hatt i 2019 kjem til å halde fram. LVK har endra vedtekten sine slik at me får 40.000 i meirkostnad til kontingensten der.

Det har vore stor aktivitet på næringsområdet, særleg etter at me forsterka næringsdelen med 2 nye stillingar. Det er mange som er interessert i å starte opp eller utvide verksemadene sine og dei får god hjelp av kommunen. Det er viktig at me held oppe trykket for å halde på eksisterande næringsdrivande og få inn nye.

Det vert framleis vurdert om stillingar kan sparast inn eller effektiviserast når dei vert ledige, men situasjonen har nok heller vore at me blir litt for få for å halde opp driftsnivået me ligg på. Dersom ein skal spare inn på lønnsbudsjett må ein sjå på tilbod og struktur.

Talet på sjukeheimspllassar vart midlertidig auka med 2 i 2019 og i periodar har me leigd inn plassar hjå nabokommunar for avlastning. Det vert truleg trongt for å fortsetje med denne styrkinga med 2 pllassar fram til ein har tilbod om fleire omsorgsplassar tilgjengeleg. Det er viktig å forebygge og å tilby hjelp heime og omsorgsbustader så lenge ein kan. I 2019 måtte me også auke budsjetta i høve brukarar med særskilt tront for ekstra oppfølging og dette vil nok også til ein viss grad følgje oss inn i 2020.

Heiltidsmodellen vert no nytta av alle avdelingar på helse- og omsorg og det gjev eit bilet av at lønsbudsjettet på etaten nok har vore for lågt over fleire år. Me må difor styrke det eller kutte i tenester. Det seiste er svært vanskeleg slik etterspørsel og trøngten hjå brukarane er no.

Kommunen er i starten på ei eldrebølge og det er viktig med forebyggande arbeid og tilrettelagde butilbod. Me vil difor tilrå å byggje inntil 5 omsorgsbustader i planperioden. Det finns støtteordningar gjennom Husbanken som me vil prøve å nytte oss av. Det er lagt inn eit overslag i investeringsbudsjettet.

Strukturen på oppvekstområdet er i endring frå 2020. Vedtaka om kor mange ungar det skal vere i høve til å halde oppe tilboda tilseier at både Åmdals Verk skule, Åmdals Verk barnehage og Lårdal barnehage vert stengt hausten 2020. Det gjev ei innsparing på årsbasis på over 2,6 millionar på budsjettet til oppvekst og i tillegg nokon hundre tusen på PNT.

Skulane vil få ei betydeleg utgift til lærermiddel i 2020, men storparten av desse utgiftene skal kompenseras med overføringer frå Staten.

Kommunens inntekter er foreløpig gode. Prisane på konsesjonskraft har vore- og ser ut til å bli høge. Budsjettering med 30 øre pr kwh i ØP (33 øre i 2020) er ut frå marknaden forsiktig. Eigedomsskatten vil vere nokonlunde stabil og skatteanslaget det same. Den store utfordringa er den nye NOU-ën om kraftressursane, av Sanderud-utvalet. Den foreslår å fjerne alle kommunale ordningar for inntekter innan kraftsektoren og vil erstatte det med ein kompensasjonsordning frå staten, uvisst i kva form. Dersom forslaga eller delar av dei blir ein realitet så vil mykje av inntektsgrunnlaget til Tokke kommune stå i fare. Me må tru at den ikkje kjem i bruk.

Det ser ut til at inntektssida kan halde seg vidare i økonomiplanperioden (dersom ikkje Sanderud får det slik han foreslår). Det er fordi rammeoverføringerne frå staten vil halde seg på 2020-nivå dersom andre inntekter held seg på dagens nivå.

I juni 2019 vedtok kommunestyret å fastsetje resultatkravet for netto driftsresultat i 2020 til 2,0%. På sikt er det vedtekne målet på 3,0 % driftsresultat. Rådmannens budsjettframlegg legg nå opp til eit netto driftsresultat på bare 0,4%; 2%-resultat slik kommunestyret ber om inneber ytterlegare 4 mill. kr i innsparinger eller auka inntekter. Rådmannen ser ikkje dette som realistisk på stutt sikt. Det er lagt inn få nye tiltak for styrking av tenestane, utanom det som er teke inn på lang sikt. Me har store utfordringar innan HO, med nye tenestar og fleire brukarar.

PNT har også eit svært tront budsjett og burde vore noko meir styrka. Me har framleis eit stort etterslep på vedlikehald og oppgraderingar på bygg, maskinar og utstyr. Det er tilsett ein fagarbeidar til for å ta tak i ein del av dei utfordringane som ligg føre og det er viktig at me har noko midlar til å setje i verk tiltak for å spare pengar på sikt. Eit døme er evt. bygging av omsorgsbustader der me kan tilrettelegge for at folk får hjelp i heimen. Eit anna døme er ENØK-tiltak, som kommunen også har fått tilsagn om støtte til. Investeringar i driftsforbetrande tiltak er eit uttalt ønske frå rådmannen.

Oppvekstetaten vil få ei stor innsparing frå hausten 2020. I tråd med vedtak i kommunestyret skal skulen på Åmdals Verk og barnehagen på Åmdals Verk leggast ned. Dette fordi barnetalet er for lågt. Barnehagen i Lårdal skal eigentleg også leggast ned, men det er førebels ikkje plass til borna i Høydalsmo. Samstundes må ein avgjere kva ein skal gjere med barnehagen i Høydalsmo, der det vil bli nokså fullt og ein har også sett på ulike alternativ for denne då den er lite eigna slik den er i dag. Forslaget er å vurdere å bygge ny barnehage. Innsparinga på årsbasis for etaten vil vere i overkant av 2,5 million, i tillegg vil det bli noko innsparing for PNT.

Arbeid med å sikre korleis me handterar personopplysningar er framleis aktuelt. Me har ikkje fullført dette arbeidet og me må ha fokus på å ferdigstille dette i løpet av 2020. Kvalitetssystemet Compilo er under innføring, men me må også gjere fleire fysiske tiltak og endre ein del arbeidsrutinar for å sikre dette betre. Me vil også halde fram med å byte ut låsesystem til kort.

Digitalisering er stadig i fokus og me har fått litt meir fart tenkinga rundt velferdsteknologi med ny medarbeidar i Vest-Telemark rådet. Innføring av Mobil omsorg er i gang og andre løysingar vil nok også kome. I fyrste omgang vil ein nok ikkje sjå direkte innsparingar av dette, men tryggare og betre handtering av opplysningar, samt betre samhandling blant avdelingane er ein gevinst me vil sjå nokså fort.

Det vil etterkvart også kome fleire løysingar for digitale løysingar på andre felt og me ser at det er viktig å følgje med på dette. Det er difor bedt om midlar til noko slik utvikling i budsjettet.

I samarbeid med Vinje vil Tokke kommune neste år gjennomføre eit prosjekt der ein etablerer eit tilbod for cellegiftbehandling lokalt på Dalen. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt der sjukehuset og fylkeskommunen også er viktige bidragsytarar. Prosjektet er viktig for at pasientar skal sleppe lange reiser og at me får eit viktig fagmiljø for denne pasientgruppa.

NAV Vest-Telemark er sett i gang og me ser fram til å kunne yte tenestar til heile Vest Telemark frå dei nyoppussa lokala på Dalen. Både tilsette og leiing er klare til å yte dei tenestane som brukarane treng der dei er.

Leiarane i kommunen arbeider no med organisasjonsutvikling der me ser på kommunikasjonen internt i administrasjonen, og vidare arbeid med utvikling og effektivisering av tenestane. Auka bruk av ny teknologi, utgiftsreduksjon, organisering og kompetanseutvikling er sentralt.

Innsparingar er vanskeleg å finne i høve situasjonen me har i Tokke, med stort press på tenestane og forventningar i befolkninga. Ein kan sjølv sagt sjå nerare på potensialet for å spare inn noko på å fjerne betalt matpause for ein del tilsette, men eg trur det vil føre til misnøye og igjen høgare sjukefråver og då er me inne i ein dårleg spiral igjen. Me har i 2019 vore blandt landets beste kommunar i høve lågt sjukefråver.

Alle tilsette i Tokke kommune arbeider for at tenestane skal bli best mogleg for innbyggjarane i kommunen.

John Kleiv

Rådmann

## **2 Om dokumentet**

Budsjettet i Tokke er ein fireårig økonomiplan/handlingsprogram (HP) inkludert årsbudsjettet for komande år. Dokumentet er sett saman av budsjettet i økonomiplantabellane (vedlegg i HP) og eit handlingsprogram som formulerar overordna mål og satsingsområde, og nokre konkrete mål og tiltak som skal gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene. Dette blir det gjennom året rapportert på i kvartalsrapportar. Etter kommunestyret si endelege handsaming blir dokumentet omarbeidd i tråd med endringar som blir vedtekne.

Tokke kommune nyttar ein enkel form for målstyring der det enkelte planområde skal gjera seg nokre få, målbare mål for neste budsjettår som seinare skal kunna rapporterast på i kvartalsrapportane og årsmeldinga.

Rådmannens budsjettframlegg blir fremja i oktober, og politisk handsama i politiske utval fram til endeleg vedtak i kommunestyret i desember. Etter budsjettvedtaket blir Handlingsprogrammet endra slik at det samsvarar med vedtaket.

For at dei folkevalde skal ha eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar, inneheld rådmannens framlegg fleire delar:

- framlegg til økonomiplan og handlingsprogram for økonomiplanperioden (4 år) (vedlegg 1)
- med tilhøyrande talbudsjett med rammer for kvar planområde/etat ( tabell 1)
- framlegg til investeringsplan ( tabell 2)
- oversyn over tiltak som rådmannen har tilrådd å opprette eller spare inn, med etatssjefens merknad til konsekvensar ( tabell 3) slik at det politiske arbeidet med prioriteringar av ulike tiltak skal vera lettare å gjennomføre.

## **3 Handlingsprogram 2020 -2023**

### **OVERORDNA MÅL**

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

**«Kompetanse, kraft og kultur»**

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar

- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

### **3.1. Samfunn**

- ◀ Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane leggje til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruks- og ein målretta bustadpolitikk.
- ◀ Tokke kommune skal leggje til rette for å ta imot flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- ◀ Tokke kommune skal synleggjere dei moglegheitane kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

### **3.2 Organisasjon/medarbeidar**

- ◀ Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- ◀ Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.
- ◀ Tokke kommune skal ha fokus på arbeidsnærvær i alle etatar og ha moderat møteverksemd.

### **3.3. Økonomi**

- ◀ Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- ◀ Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på minst 10% av driftsinntektene.
- ◀ Dei kommunale avgiftene – vatn, avløp/slam, renovasjon og feiring - skal ha full dekningsgrad i høve til utgiftene.

### **3.4. Brukarar**

- ◀ Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- ◀ Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- ◀ Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

### **3.5. Interkommunalt samarbeid**

- ◀ Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

## **4 Budsjett 2020, økonomiplan 2020 – 2023**

### **4.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune**

Som kraftkommune har Tokke vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga det siste tiåret har gjort at kommunen har mått gjera store grep

for å få økonomien i balanse. Det har vore store variasjonar i inntektene, spesielt kraftinntektene. Dette gjer budsjettarbeidet utfordrande. Løns- og pensjonsutgiftene tek store delar av budsjettet. Disposisjonsfondet er rekna til om lag 25 mill. kr ved utgangen av 2019, som er om lag som måltalet(10% av driftsinntektene), men om lag kr 1 mill. mindre enn ved siste årsskiftet. Og sidan mykje av disposisjonsfondet, om lag 12 mill., er bunde opp eller alt disponera til til vedtekne føremål så er det bare 13-14 mill. eller 5-6% som reellt er disponibelt. Fondet bør såleis tilførast tilsvarende ytterlegare midlar.

Etter ny kommunelov §14-2 gjeldande frå 01.01.2020 skal kommunane nå vedta meir forpliktande finansielle måltal. Det kan vera dette med gjeldsgrad, eigenfinansiering investering, netto driftsresultat eller storleik på disposisjonsfond. Dette med netto driftsresultat og disposisjonsfond har Tokke alt hatt som måltal i fleire år, og rådmannen tilrår førebels vidareføring av dette.

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen bør såleis halde fram med arbeidet med å redusere utgiftsnivået og helst bygge opp ein større buffer.

#### **4.1 Tekniske føresetnader**

Dette framlegget til budsjett for 2020 byggjer på økonomiplanen frå i fjar, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2019 samt statsbudsjettet for 2020.

Vidare inneheld budsjettframlegget rådmannen sine prioriteringar av utviklingstiltak.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justert etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2019 med overskot eller i balanse. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2019 til 2020, ofte kalla deflatoren, er sett til 3% både når det gjeld løner og andre driftsutgifter, som statsbudsjettet.
- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 18% i 2020. Pensjonspremie på 12,50 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir sett til 40 øre i 2020, med von om noko meirinntekter.
- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar. Ei låg rente , men noko aukande siste åra, men mindre enn ekspertane har spådd. Dette er sjølv sagt usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 2,5% rente.

Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 4,0 mill.

#### **4.2 Det generelle inntektsgrunnlaget**

Skatteinngangen i Tokke auka med 3,3% frå 2017 til 2018 og budsjettert auke i 2019 er på minus 0,3%. I 2020 er det budsjettert med ein auke på 3,0% til kr 80,6 mill., dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med rammetilskotet. Venteleg blir skatteinntektene i 2019 ein god del større enn budsjettert, men rammetilskotet blir tilsvarende noko mindre. Rammetilskot og skatteinntekter, dei såkalla frie disponible inntektene er budsjettert til 160 mill. kr i

2020, dette er kr 6,4 mill. meir enn opphavleg budsjett 2019. Som fylgje av gode straumprisar også i 2019 går inntektene frå konsesjonskraftsalet opp, men dette er vanskeleg å budsjettere, det er difor grunn til å budsjettere forsiktig. Det er lagt til grunn ein straumpris på 30 øre pr kwh i 2020.

Eigedomsskatteinntektene frå kraftverk går truleg også noko opp i 2020 som fylgje av aukaa straumprisar dei siste åra. Men inntektene frå eigedomsskatt er nok framleis usikre i åra framover etter nye eigedomsskattereglar, auka grunnrenteskatt til staten og mogleg nye kraftskattereglar.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til 12,0 mill. i 2020 og vil som fylgje av store investeringar i ØP auke til kr 14,3 mill. i 2023. Rentenivået er framleis lågt, men er litt stigande i 2019. Finansekspertisen, t.d. i Kommunalbanken, er likevel nå mindre redde for renteauke og fryktar heller det motsette, dvs. negativ rente på litt sikt - som i Japan. Det er nå rekna **2,5% lånerente** i ØP, som i gjeldande ØP, men dette er usikkert og kan såleis vera ein risiko, eller gjeldsfelle, på lengre sikt. Ein auke av renta med 1% vil utgjera om lag **kr 2,0 mill**.

### **4.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2020-2023**

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekke investeringar i perioden 2019-2022.

Kommunestyret må nå ta stilling til om det skal gjennomførast nye store investeringar, prioritering av investeringane, og om desse skal dekkjast gjennom auke i lånepoptak, av overskot i drifta eller av fondsmidlar. Investeringsplanen må tilpassast dette.

Den tilrådde investeringsplanen inneholder finansiering med hovudsakleg nye lånepoptak, noko som krev meir kapitalutgifter i driftsbudsjettet frå 2020.

Investeringsplanen inneholder prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneholder også revidert budsjett for 2019. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2020 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i første kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er i gang og som må fullførast eller vidareførast i 2020. Prioritet (2) er dei nye prosjekt rådmannen meiner må prioriterast først i 2020, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2020 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som og kan utsetjast til 2021.

Syner elles til tabell 2 og nærmere om kvart prosjekt under kvart planområde.

## **5. PLANOMRÅDE 1 OG 6 – SENTRALADMINISTRASJONEN OG FELLES**

### **5.1. Økonomi**

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2020 på kr 27 356 000.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, eigedomsskatt frå kraftverk m.m., utbyte og renter.
- Fellesinntektene blir fordelt ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

I samband med at NAV Vest-Telemark er lagt til Tokke og blir rekneskapsført her så er bruttobudsjettet til planområde 1 auka mykje og likeeins driftsinntektene, dvs. refusjonane frå dei andre kommunane. Ramma er er auka med kr 200 000 til samarbeid om kraftkompetanse, jf tabell 3.

## 5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 1 har 11,4 årsverk fordela på 13 fast tilsette personar i sentraladministrasjonen. Nav høyrer også under Pl. 1 og har 12,1 årsverk frå 1.1.20. I tillegg er det 1,1 årsverk fordela på ordførar og varaordførar
- Rådmannen er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for rådmannen på vegne av kommunestyret.

### Politisk struktur:

Den politiske strukturen er bygd opp slik at mange kan delta i politisk arbeid. Det er vedteke i 2019 at ein ikkje skal endre på politisk struktur i kommunen og det betyr at me har same inndeling i utval som tidlegare. Utvala skal ha same ansvarsområde som tidlegare og det er viktig at leiarane i utvala er/held seg orientert om sakene som er aktuelle til handsaming og at administrasjonen er flinke til å orientere om viktige saker.

## 5.3. Utfordringar

### Planområde 1 sine utfordringar:

- Økonomisk resultat og økonomistyring
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Utvikling og finansiering av nye teknologiske løysingar
- Rekruttering og framtidig organisering av økonomiavdelinga

## ØKONOMIAVD.

I samband med pensjoneringar i åra framover må det vurderast nyrekrytting og/eller samarbeid med andre kommunar. Statsbudsjettet for 2020 gjer også dette meir aktuelt sidan det der er nytt framlegg om å gjera skatteoppkrevjarfunksjonen statleg.

## NAV

NAV Vest-Telemark med Tokke kommune som vertskommune vert etablera frå 010120. Vest-Telemark kommunane har inngått § 20 samarbeid og skal ha felles NAV kontor for alle 6 kommunane lokalisera på Dalen. NAV tenestene vert og tilgjengeleg i dei andre kommunane. Det nye NAV Vest-Telemark skal ha lokale i Sentrumsbygg og det er nå gjort ein stor ombygging for å tilrettelege for det.

Målbildet til NAV Vestfold og Telemark er :

1. Vi møter mennesker med respekt og tillit.
2. Vi er en inkluderende og attraktiv arbeidsplass.
3. Vi gjør hverandre til modige, selvstendige og kunnskapsrike medarbeidere.
4. Vi er en synlig samarbeidspartner og setter aktuelle behov på dagsorden..

Det er dette målbildet vi bygger det nye NAV kontoret etter.

Det er til saman 30 medarbeidrarar som vert tilsett i NAV Vest-Telemark frå 010120. Av desse blir 14 (11 årsverk) tilsett i Tokke kommune. Resten er statleg tilsett.

Kommunane i Vest-Telemark ynskjer å:

Leggje tilhøva til rette for eit kostnadseffektivt og nyskapande tenesteområde.

Leggje tilhøva til rette for eit likeverdig samarbeid mellom deltagarkommunane.

Målet med å etablere eit interkommunalt NAV-tenesteområde er:

Felles NAV-tenesteområde har til føremål å styrke kompetansen innan

forvaltingstenesta til det beste for brukarane. Eit større og meir robust fagmiljø skal

føre til:

1. Ei ope og tilgjengeleg teneste for brukarar og samarbeidspartnarar
2. Betre tenester for brukarane i regionen
3. Fleire i arbeid og færre på stønad
4. Auka habilitet og rettstryggleik i sakshandsaminga
5. Sikre einskapleg forvaltningspraksis
6. Meir effektiv og stabil drift

Eit interkommunalt NAV-tenesteområde vil i tillegg vera med på å

- betre kvaliteten på tenestene for brukarane i regionen
- oppnå ein betre kostnadseffektivitet for kommunane og samfunnet elles

Det er gjort vedtak i alle kommunane i Vest-Telemark der dei delegerer følgjande mynde til rådmannen og vidare til rådmannen i vertskommunen:

1. Mynde til å leie og administrere den mynda og dei oppgåvane som kommunane er gjevne i arbeids- og velferdsforvaltninga, heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga kapittel 2 § 3.
2. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 17 *Opplysning, råd og rettleiing*
3. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 18 *Stønad til livsopphold*.
4. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 19 *Stønad i særlege tilfelle*.
5. Mynde til å gjere vedtak om bruk av vilkår for tildeling av økonomisk stønad heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 20 *Bruk av vilkår*.
6. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 27 *Midlertidig botilbud*.
7. Mynde til å gjere vedtak om tilbakebetaling av økonomiske ytingar heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 23 *Følgen av at det er gitt uriktige opplysninger*.
8. Mynde til å gjere vedtak om inndriving av utbetalte økonomiske ytingar heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 23 *Følgen av at det er gitt uriktige opplysninger* og § 24 *inndrivelse av lån og andre former for dekning*.
9. Mynde til å gjere vedtak om og til utarbeiding av individuell plan for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester heimla i Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 28 *Rett til individuell plan*.
10. Mynde til å gjere vedtak som underinstans i klagesaker som ikkje er av prinsipiell tyding, og i klagesaker der vedtaket er heimla i Lov om sosiale tenester i arbeids- velferdsforvaltninga § 15, § 18, § 19, § 20, § 23 og § 24
11. Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i Lov om sosiale

tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 29 *Kvalifiseringsprogram*, § 30 *Kvalifiseringsprogrammets innhold*, § 31 *Iverksetting av programmet* og § 32 *Programmets varighet*

12. Mynde til å gjere vedtak om utlevering av opplysningar til fylkesmannen.
13. Mynde til å utføre rapportering til SSB og årleg KOSTRA-rapportering.
14. Mynde til å utarbeide verksemdsplan, budsjett, tertialrapportar og årsmelding.
15. Andre oppgåver som kan leggjast til denne avtala.

Hovudmålsetting NAV Vest –Telemark i 2020 vert å utvikle det nye NAV kontoret i tråd med målsettinga til beste for våre brukerar og tilsette i heile området.

## **IKT**

IKT er i omlegging frå eige driftspersonell til ny driftseining. Budsjettet for 2020 vil bli styrt av denne prosessen. Omlegging til nye system gjer at me ynskjer å minimalisere kostnader knytt til eksisterande installasjon.

### ***Utfordringar i 2020***

Microsoft-lisensiering er ein stor del av driftskostnadane innan IKT. Kommunen har avtale på alt utanom serverar. Grunnen til dette er at tidlegare utskiftingsfrevens og nye versjonar frå Microsoft gav dette valet kosteffektivt for Tokke. Nytt datasenter krev nye oppgraderte lisensar. Dette vil koste kommunen 1/3 av ca 450.000,- Då vil serverlisensar ligge inne på same avtale som klientlisensar (sluttbrukarar). Driftsbudsjett for lisensar for Tokke må aukast med 150.000,-

Trådlaust nett i kommunen. Tokke, Vinje og Kviteseid har felles trådlaust nett. Det har det seiste året eksplodert i bruk av trådlause einingar. For å møte dette må vår 10 år gamle teknologi skiftast ut. Dette må gjennomførast i 2020, men noko må truleg skiftast alt i 2019. Dette er ikkje ein del av etablering av nytt datasenter. Kostnad totalt er stipulera til 1.500.000,- der Tokke sin del er 1/3. GDPR har i tillegg krav som gjer at vi er nøydd til å gjere endringar på tilgangskontroll. Etter kartlegging i Tokke der ein legg til grunn at dekninga skal betrast vil dette gje ein investering på 650.000,- eks. moms. for Tokke sin del.

## **UPS**

Naudstraum var planlagt etter vedlikehaldsplanen til leverandør å skiftast i 2019. Dette må derfor skiftast ut for kommunehuset i 2020. Løysinga vert då dimensjonert etter nytt effektkrav i samanheng med etablering av sentralt datasenter i Vinje.

## ***Generelt.***

Sikker utskrift, der vi har kontroll på at utskrift kjem på rett stad, og ikkje får uautorisert innsyn er ein utfordring som må løysast. Tidlegare er dette rekna til 50-75000,- å få etablert. Løysinga er lisensbelagt. Dette er i tillegg ein løysing som kan hindre unødvendig utskrift/feilutskrift av dokumenter.

## Investeringskostnader for 2020 oppsummert:

Prosjekt	Kostnad
Wifi	820 000,-
UPS	130 000,-
Sikker utskrift	100 000,-

UPS og sikker utskrift er foreslått i investeringsbudsjett, (prosjektnr. 6001).

## Tokke Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkjeleg Fellesråd er ein sjølvstendig juridisk eining, høyrer til under planområde 1 på grunn av kommunale overføringer til Fellesrådet jf. KL§ 15 og GL§ 3.

Sokna i Tokke kommune; Eidsborg, Mo og Skafså sokn og Høydalsmo og Lårdal sokn har tre juridiske einingar, demokratisk fokevalde råd; Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd, Høydalsmo og Lårdal sokneråd og Tokke kyrkjeleg fellesråd.

Fellesrådet har lovpålagt ansvar for å syte for forvalting og administrasjon for både sokneråda og fellesråda si verksemd, arbeidsgjeveransvar for dei lokalt kyrkjelege tilsette, forvaltning, drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassar. Fellesrådet sitt budsjettframlegg skal også omfatte utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna.

Etter avtale med kyrkjeleg fellesråd kan kommunal tenesteyting koma inn i staden for særskilt bevilling til føremon nemnd i Kyrkjelova si paragraf § 15.

Det er lagt inn auke på 3% på rammeoverføringa til Fellesrådet, som utgjer kr 3,924 mill. KLP kostandar aukar i 2020 for KF, men auka i rammeoverføringa sikrar drift innafor dei rammene fellesrådet har hatt i 2019; 4,67 årsverk.

I 2019 vart det gjennomført 127 arrangement i dei ulike kyrkjene og kyrkjestedane i Tokke.

Kyrkjeleg verksemd i Tokke er svært desentralisert og difor kostnadskrevjande.

### Drift 2020:

1. Auke i ramme drift knytt til kremasjonsavgift – sak handsamast særskilt av kommunestyret.
2. Auke i ramme drift knytt til utgiftsdekning for muslimsk gravlegging i Vinje, for innbyggjarar busett i Tokke - sak handsamast særskilt av kommunestyret.
3. Auke i ramme drift kr. 100.000 KL § 15; vedlikehald kyrkjene i Tokke. Det er naudsynt at Fellesrådet kan bygge opp eit vedlikehaldsfond for kyrkjebygga i Tokke. Fellesrådet har vedlikehaldsansvaret for 5 kyrkjebygg der Eidsborg er freda og dei andre 4 er verna av Riksantikvaren. Fellesrådet har bestilt ein kostnadskalkyle for vedlikehald av Høydalsmo, Lårdal, Mo og Skafså kyrkjer som er forventa ferdigstilt seinst haust 2019. Dagens driftsramme gjer ikkje fellesrådet høve til å bygge opp slikt vedlikehaldsfond.

### Investering:

Regulert investeringsbudsjett 2019 kr. 672.000.

1. kr. 161.000 HC inngang Lårdal kyrkje overført frå 2018
2. kr. 100.000 friske investeringsmidlar – øyremerkt HC Lårdal  
Budsjett for HC inngang Lårdal kyrkje totalt kr. 261.000
3. kr. 250.000 forprosjekt Mo kyrkjegard

4. kr. 161.000 ekstra lagt på budsjett for 2019 grunna feil. Midlane attendeførast til kommunen etter avtale med rådmann.  
Totalt investeringsbudsjett for 2019 er kr. 511.000.

Kommentarar til investeringar 2019:

1. Godkjenninga for HC inngang Lårdal kyrkje vart gjeven av RA i 2012. Godkjenninga med bi-inngang i våpenhus har nå gått ut og premissane for HC inngang er endra. No må omarbeiding av inngangsparti gjerast ut. Det må utarbeidast nye teikningar for ny godkjenning. Fellesrådet har søkt kommunen om høve til å splitte midlane slik at det:
  - A. Vert utarbeidd nye teikningar for ny inngang Lårdal kyrkje kr. 131.000.
  - B. Vert utarbeide ein kostnadskalkyle for rehabilitering/ombygging av Kyrkjestova Eidsborg kr. 131.000. Kyrkjestova er SEFRAK-registrert bygg, noko som stiller krav til bevaring av eksteriør/fasade.

Det er og eit stort behov for å betre parkeringstilhøve ved Eidsborg og arbeid med dette vil vere ein del av dette. I samband med budsjetthandsaming 2020 vil kommunen ta stilling til ein omdisponering av desse tildelte investeringsmidlane og overføring til investeringsbudsjett 2020.

2. Asplan Viak har starta arbeidet med forprosjekt Mo og arbeidet vil fortsette inn i 2020.  
Restmidlar av kr. 250.000 som ikkje vert nytta i 2019 overførast til 2020.

Kommentar til investeringsbudsjett 2020

Totalt kr. 261.000 overførast til 2020 fordelt på HC-inngang Lårdal og rehabilitering/ombygging av kyrkjestova og utviding av p-plass Eidsborg.

Restmidlar knytt til Mo overførast til 2020.

Friske investeringsmidlar 2020 kr. 500.000 vil nyttast til vidare arbeid med HC-inngang Lårdal, Parkering/kyrkjestova Eidsborg og vidare planarbeidarbeid Mo.

Ynskje er ikkje lagt inn i budsjettet.

#### 5.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 1 og felles – Sentraladministrasjonen		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
5.4. 1.	<b>Utvikling av innkjøpssamarbeid med Midt- og Vest Telemark.</b>	Få på plass innkjøpsavtaler som utløper i 2020 med prioritet til telefoni, næringsmidlar og lærebøkar.
5.4.2	<b>Vurdering av vidare organisering av økonomiavdelinga, event. samarbeid med andre kommunar.</b>	Rekruttering, nyorganisering i løpet av 1.halvår 2020
5.4.3.	<b>Kompetanse om økonomi</b> Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.

	budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga.	
5.4.4	<b>Compilo</b> Nytt program, Compilo, for kvalitets- og avviks system.	Ta i bruk kvalitets- og avvikssystem innan 1.3.19.
5.4.5	<b>Beredskapsøving i Tokke kommune</b>	Gjennomføre beredskapsøving – jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7.
5.4.6	<b>Rullering av kommune-ROS</b>	Vedta ny kommune-ROS i kommunestyret – jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

### **Compilo**

Det har ikke vore digitalt felles system for kvalitetsstyring og avvikshandtering i kommunen. Noverande system for avvik har vore stort sett på papir og blitt handtert ulikt fra etat til etat. Kommune har nå kjøpt inn system for dette og målet er å ta det i bruk fra 1.3.2020. Det er viktig at kvalitetssystemet, både i etatane og innan HMS, blir digitalt slik at kommunen for betre kontroll over system og avvik.

## **6 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett**

### **6.1 Økonomi**

Planområde 2 har ei nettoramme for 2020 på kr 74 330 000.

Netto innsparinger i tabell 3 er lagt inn med kr 917 000. Men ramma er også tilført kr 717 000 i samband med at statsbudsjettet har innlemma fleire ordninga i rammetilskotet, t.d. tidleg innsats i skulen, gratis kjernetid i barnehagane, moderasjonsordning sfo og gratis sfo til born med særskilde behov, tilskot leirskuleopplæring og etablerings-/tilpasningstilskot bustader. – Integreringsmidlane er tilført planområdet med kr 1 mill., men desse midlane blir redusert og fasa ut i 2021 og 2022. Kommunestyret auka ramma til planområdet med kr 2,122 mill. i budsjettvedtaket for 2020.

---

Etaten har store faste utgifter på kulturområdet, som gjer at utgifter til kultur pr. innbyggjar vert høg. Å samanlikne utgiftene til kultur mellom kommunane er vanskeleg. Det er alt kva som blir lagt inn i KOSTRA registreringa.

Det er over 2,3 mill. som er bundne opp i faste kostnader på kulturområdet i Tokke.

	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	Kostra gr 3
<b>Besøk i folkebibliotek pr. innbyggjar (antal)</b>	7,8	1,9	4,6	5,2		4,6	4,6
<b>Omløpshastighet på bøkar (antal)</b>	0,4	0,3	0,5	0,3	0,1	0,4	0,4
<b>Bruttutg. Til bibliotek (1000 kr)</b>	2 206	2 643	2 502	587	1 050	1 202	
<b>Besøk pr. kino framsyning (antal)</b>	40,3	46,7	49,3	26,6	29,3	35,2	26,5
<b>Barn 6-15 som er i kulturskulen (%)</b>	54,8	34,3	25,5	32,8	26	28,5	23,2
<b>Netto driftsutgifter til kultursektoren pr. innbyggjar</b>	7 793	6 433	3 230	2 808	3 114	5 336	3 116

Folkebiblioteket i Tokke har eit flott besøkstal og driv økonomisk effektivt, især om ein ser det med omsyn til det store besøkstalet.

I **kulturskulen** er talet langt over alle kommunane i Vest-Telemark og kostragruppe 3 i antal born i aldersgruppa 6-15 år som nyttar seg av tilbodet.

Besøkstalet på **kinoen** er også bra, men me slit meir med besøkstalet på **andre kulturaktivitetar** som til dømes teater.

#### Nokre viktige økonomiske nykkeltal for barnehagen:

	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	Kostra gr 3
<b>Netto driftsutg. Pr barn i</b>	240 966	200 854	202 127	211 034	144 822	194 830	159 818

<b>aldersgruppa 1-5 år</b>							
--------------------------------	--	--	--	--	--	--	--

Det er klart at Tokke ligg høgt på utgifter til barnehageområdet.

Det er allereie teke grep i barnehagen, med to årsverk reduksjon frå 01.08.19 – dette utgjer ein reduksjon i lønnsutgifter med kr 12 209,- pr. barn (ved fulltidsverknad?)

Samla lønnsutgifter pr. barn:

	Dalen	Åmdals-Verk	Høydalsmo	Lårdal
<b>Lønnsutg. pr. barn i barnehagen</b>	189 578	390 088	160 907	474 513

Det er klart at ein desentralisert struktur med få born i den enskilde barnehage, gjev stor auke i driftsutgiftene. Politiske val vil spegle driftsutgiftene til barnehagen pr. barn i aldersgruppa 1-5 år i kommunen.

**Nokre viktige økonomiske nøkkeltal for grunnskulen:**

	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	Kostra gr 3
<b>Netto driftsutg. pr elev</b>	153 433	172 589	130 073	186 488	141 727	181 331	143 722
<b>Elevar med spesialundervisning</b>	3,9	8,1	7,4	4,5	7,8	9,8	9,3
<b>Årstimar til spesialundervisning pr. elev</b>	186	157	237	203	241	255	166

I Vest-Telemark samanheng er driftsutgifter pr. elev i Tokke på eit middels nivå.

Tokke er lågast i Vest-Telemark når det gjeld born som får spesialundervisning. Etaten har som motto: «Tiltak før vedtak». Det tyder at me greier å få til tidleg innsats, og som all forsking viser er viktigast, og som gjev best læringseffekt. Skulen gjennomfører mellom anna kortare kurs, som ein veit er viktig om elevar ligg fagleg etter.

Talet på årsverk i Tokke skulen er redusert frå 38,7 til 33,1 årsverk frå skuleåret 2011/2012 til 2018/2019, med andre ord ein nedgang på sju årsverk i løpet av sju skuleår.

Elevtalet i skulen har auka med 5 elevar i perioden 2014 til 2018, for skuleåret 2019/2020 er det 255 elevar i Tokkeskulen.

## 6.2 Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Årsverk i planområde 2 pr 01.10.18:	91,76
<u>Årsverk i planområde 2 pr. 01.10.19:</u>	<u>91,21</u>
Reduksjon	0,55

I budsjettet handsaminga for 2019 blei det vedteke ein reduksjon med 2 årsverk i barnehagen. Reduksjonen er ikkje så stor grunna ekstra tiltak ved Tokke og Høydalsmo skule. Det følgjer av tidlegare vedtak. Vidare er det tiltak som blir betalt av anna kommune. Kvar haust har me ein gjennomgang for bruk av etatens ressursar, noko som kan medføre at ressursbruken kan endre seg litt frå år til år.

- Kommunalsjef for OKI er øverste leiar for administrasjonen
- Oppvekstutvalet handsamar saker innafor området

## 6.3 Utfordringar

Planområde 2 sine utfordringar:

### Personalsituasjon:

Oppvekstsektoren har gjennom lovgjevinga dei siste åra blitt sterkt styrt på minimumsbemanning og utdanningskrav. Me stettar krava til kompetanse i barnehagen, men me har nokre fag i grunnskulen der me ikkje har nødvendig fagkompetanse som lovverket krev. Ein må derfor halde fram satsinga med å nytte seg av kompetanseheving der Staten finansierar store delar av utgiftene.

### Bibliotek:

Hovudbiblioteket har blitt eit meiropent bibliotek i 2019, der ein har gode erfaringar.

Særleg ynskjer biblioteket å vektlegge rolla som skulebibliotek (grunnskule og vgs) i større grad.

Biblioteket har hatt gode erfaringar med samarbeid med lag/foreiningar, voksenopplæringa og ungdomsklubben, og ynskjer å gjere meir av dette. Dataopplæring for seniorar er ei anna prioritert oppgåve framover.

Det vil nå vere viktig å etablere meiropent bibliotek i Høydalsmo også. Utlånet er bra i Høydalsmo og er eit viktig samlingspunkt i bygda. I dag er berre biblioteket opent på tysdag kveld. Filialen i Høydalsmo er òg skulebibliotek. Ei meir brukarvennleg og fleksibel utlånsløysing, vil ha stor nytte for skulen og barnehagen i Høydalsmo. (Tiltaket ligg i investeringsbudsjettet).

I dag er det to rom som er tenkt for å drive eige arbeid ol. «Stillerom». Romma har ei slik utforming at dei ikkje er lydisolert, snarare er utformingen slik at ein får ei forsterking av lyden i desse romma. (Tiltaket ligg i investeringsbudsjettet).

### Rom for musikkundervising:

Det er mangel på rom/ plass i kulturskulen. Det medfører at møterommet blir nytta til undervising.

Dette gjer det vanskeleg for andre å leige møterom på kulturhuset. Det er uheldig for aktiviteten på kulturhuset og hindrar auka bruk.

Det har kome melding om avvik frå skulen, der ein treng grupperom til skulens musikkundervising.

**Barnehage, skule og kulturskule:**

- minimumsbemanning – nye lovkrav både i barnehage og skule
- utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredsstille nye utdanningskrav. Det vil vere trong for at fleire lærarar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Utviklingsplan for barnehagen
- Utviklingsmål for barnehage og skule
- Kulturskulen arbeider med å utvikle lokale læreplanar
- Fagfornying i skulen

**Høydalsmo barnehage:**

Etter vedtak i kommunestyret, sak 14/13 skal truleg Høydalsmo barnehage Lårdal bli lagt ned frå hausten 2020. I dag er det ikkje plass i Høydalsmo for desse borna. Barnehagen er alt på grensa for talet på plassar den er godkjent for.

Administrasjonen er i budsjetthandsaming for 2019, blitt beden om å utgreie ulike løysingar for å utbetre dagens bygg, bruk av eksisterande bygg i Høydalsmo eller nybygg.

**Flyktningtenesta:**

På grunn av låg tilkomst av flyktningar til Noreg, er ikkje Tokke kommune oppmoda om busetjing av flyktningar i 2020. Totalt er det kome 41 ordinære flyktningar, samt sekundærbusette og familiegjenforeinte. Samla mottak er soleis 48. I tillegg har to familiar fått born.

Kommunestyret har eit vedtak på ytterlegare mottak av 25 flyktningar – jf. vedtak i sak 19/39.

Stillinga som integreringskoordinator må forlengast i 2020, då det krev oppfylgingsarbeid ut over den tida deltakarane er i introduksjonsprogrammet. Det er mange praktiske gjeremål i kvardagen som flyktningane framleis treng bistand til. Dørmer er oppfølging hos ulike etatar som helse, barnehage, skule, utlendingsmyndighetane, skatteetaten, osv. Det vert lagt mykje arbeid i å få flyktningane ut i arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Resultatet er at dei fleste av flyktningane som har avslutta introduksjonsprogrammet er i vanleg arbeid.

Flyktningtenesta organiserar også arbeidet med etablering og drift av eit nyopprettet einskildpersonføretak innan kantinedrift.

Samla ressurs i flyktningtenesta har vore 160%, men er redusert til 100% frå okt. 2019.

Vidare vil integreringskoordinator få nokre arbeidsoppgåver som blir flytta frå NAV til kommunen frå 01.01.20.

Vaksenopplæringa vil ikkje halde fram i «dagens form». Ein jobbar med Fylkeskommunen om ulike prosjekt, som kan gjera at Tokke kommune og Vest-Tekmark vgs. kan etablere eit samarbeid. Det vil i tilfelle kome i eiga sak våren 2020.

### **Ungdomsklubben:**

Ungdomsklubben er open 3 gonger i veka og det blir årleg arrangert rusfri fest. Vidare er det paintball for ungdomen på Haugsevje.

Uteområdet ved Elvarheim har fått eit stort lyft, men skaterampa er roten og må fjernast.

Det jobbast med betongelement og det vert lagt inn søknad om spelemidlar (om kommunestyret vedtek det) for å bygge opp ny skaterampe.

### **6.4 Mål i handlingsprogramperioden**

<b>Handlingsprogram - Planområde 2</b>		
<b>Mål nr.</b>	<b>Utfordring og tiltak</b>	<b>Mål</b>
6.4.1	<b>Utviklingsarbeid i barnehage og skule</b>	<p>Fagfornying – skulen får nye læreplanar frå hausten 2020 og det blir mykje utviklingsarbeid knytt til dette.</p> <p>IBSM Vidare er det trond for kompetanseutvikling i eit inkluderande barnehage og skolemilø.</p> <p>Etaten vil byrje arbeidet med ein dysleksivennleg skule. Her er ein berre i startsgropa og ein må rekne med noko tid før ein blir godkjent.</p>
6.4.2	<b>«Aktiv og synleg kulturskule»</b> Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetancesenter for kultur.	<p>Utarbeide lokale lærarplanar ut frå kulturskulens nasjonale rammeplanar</p> <p>Leggje til rette for utveksling av kunnskap og ressursar med grannekommunanes kulturskular</p> <p>Auka variasjon i kulturskulens tilbod der ein kan tilby kortare kurs (workshops) i samarbeid med aktørar frå det offentlege og private</p>
6.4.3	<b>Kompetanseauking</b>	<p><i>Barnehagen:</i> Kompetanseauking med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – inkluderande barnehage og innføring av ny rammeplan.</p> <p><i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Fagfornying vil kunne medføre auka kompetansebehov.</p> <p><i>Kultur og administrasjon:</i> Ein legg til rette for kompetanseauking som er relevant for stillingane.</p>
6.4.4	<b>Planarbeid</b>	<p>Ferdigstille barne og ungdomsplanen</p> <p>Rullering av: Friluftsplan – idrettsplan (sjå tittel)</p> <p>Ferdigstille nye utviklingsmål for barnehagen</p> <p>Ferdigstille nye utviklingsmål for skulen</p>
6.4.5	<b>Bibliotek</b>	<p>Prioritere formidling og tilbod til barn og unge. Samarbeide tett med skulane. Arrangere fleire lesestundar og bokprat for klasser og barnehage. Halde fram satsinga på Sommarles.</p>

		Tilby opplæring i grunnleggjande digital kompetanse og datahjelp ved behov, spesielt retta mot seniorar i kommunen.
6.4.6	<b>Kulturhuset</b>	Det har vore mange flotte arrangement på kulturhuset, men det er til tider lite frammøte. Ein held fram med å betre marknadsføringa. Ut over teater Ibsen, Folkeakademiet og biblioteket sine arrangement, vil ein ha 8 tilstellingar i året.

**STRUKTUR:**

Kommunestyret vedtok i sak 14/13:

*Pkt. B.*

1. Dersom barnetalet på ein skule i elevprognosa hausten før skulestart er på 10 elevar eller mindre på ein 1-4 skule over 2 år, vert skulen lagt ned.
2. Dersom barnehage eller skule blir lagt ned, kan bygga brukast til diverse/opplæring etter søknad.

*Pkt. C.*

Dersom barnetalet i ein barnehage er under 6 born, samt at det etter søkerfristen for påfølgjande barnehageår, og er færre enn 6 born. Blir barnehagen mellombels lagt ned fra 15.08 i året som søkerfristen har vore.

**Tokke skule Åmdals-Verk:**

	2018/2019	2019/2020	2020/2021
<b>Elevar</b>	11	9	8

Tokke skule Åmdals-Verk skulle i fylge kommunestyrets vedtak vore mellombels lagt ned skuleåret 2019/2020. Prognosane syntet høgare elevtal, men to born flytte etter at skuleåret var planlagt.

Teoretisk er det mogeleg å avvikle drifta 01.01.20, men det er ikkje å tilrå sosialt og fagleg for elevane. Elevane bør førebuast på ei avvikling av skulen, samt overflyttjing til Dalen. Vidare er det uklårt om det er mogeleg å få full effekt av innsparinga fyrste halvdel av 2020.

**Dalen barnehage Åmdals-Verk:**

	2018/2019	2019/2020	2020/2021
<b>Barn</b>	6	4	Konkret tal ved søkerfrist feb 2020 pt. 2 born, derav ein frå Kviteseid (må søkje kvart år)

Dalen barnehage Åmdals-Verk blir truleg mellombels lagt ned frå hausten 2020, om hovudopptaket ikkje syner anna enn prognosane.

#### Høydalsmo barnehage Lårdal:

	2018/2019	2019/2020	2020/2021
Barn	7	5	Konkret tal ved søknadsfrist feb 2020 pt. 3 born

Prognosane syner at det er tre born og fem plassar i Lårdal frå neste barnhageår. Det betyr truleg at drifta skulle vore avvikla frå hausten 2020.

Men det er for tida ikkje kapasitet i Høydalsmo å ta imot borna frå Lårdal. Om så skulle hende, vil nokon få tilbod om barnehageplass på Dalen.

## 6.5 Investering:

### «MEIROPE» - bibliotek i Høydalsmo:

Bakgrunn:

- Gjere Høydalsmo bibliotek meir tilgjengeleg for innbyggjarane. Høydalsmo bibliotek har berre ope ein kveld pr. veke, biblioteket er godt besøkt og det er høgt utlån. Med meiropent bibliotek i Høydalsmo kan opningstida aukast betrakteleg
- Same merkesystem på hovudbiblioteket og Høydalsmo (RFID)
- Meir fleksibel og brukarvenleg utlånsløysing i Høydalsmo, særleg nyttig for skule og barnehage.

Kva ligg i løysinga?

- Alarmmerking/alarmportal (RFID)
- Stasjon for sjølvbetening (utlånsautomat)
- Overvakingskamera(er)
- Tilgangskontroll ved bruk av lånekort
- PC/programvare som styrer løysinga

Kr 150 000

## 7. Planområde - 3 Helse- og omsorgsetaten

### 7.1. Økonomi

Planområde 3 har ei nettoramme for 2020 på kr 82 804 000.

Ramma er tilført netto kr 4,2 mill. i høve til 2019 der storparten gjeld underbudsjettert lønsbudsjett. Statsbudsjettet har innlemma fleire ordningar i rammetilskotet og planområdet 3 er tilført kr 426 000 til m.a. psykologteneste, dagaktivitetstilbod, habiliteringstilbod og rus/psykiatri. Det er også tilført kr 243 000 til nye tiltak, jf tabell 3. Kommunestyret auka ramma for 2020 med ytterlegare kr 1,8 mill. i budsjettvedtaket.


---

Etaten har dei siste åra hatt store problem med å halde tildelt budsjett. I 2017 – 2018 har det vert innført nytt verktøy «Heiltidsmodellen» som skal gjera det enklare å følgje budsjettet gjennom heile årete.

2017 var det gjennomført store innsparinger både gjennom reduksjon av institusjonsplassar og gjennom reduksjon av personale i heimenesta. Etaten har ikkje klart å redusere langtidsplasser på institusjon, i den grad som var ynskja dei siste åra.

Tokke kommune ligg fortsatt noko høgare enn KOSTRA gruppe 3 og landet generelt, men jamført med nabokommunane ligg kommunen på eit mellomnivå.


12209. Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter region og år. Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tokke kommune er ei av Telemark kommunane som har høgast andel eldre og dermed også høgast forventa omsorgsbyrde. Den aukande eldre befolkninga vil fortsette i åra frem mot 2040. Det vil bety at Tokke kommune vil ha noko større behov enn andre for

omsorgstenestar både nå og i framtida. Dermed aukar også bruket på helse og omsorgstenestar.



## 6.2. Årsverk og stillingar

Planområde 3 fikk auka resursar for budsjettåret 2019. Den største auka er knytt til enkeltbrukar både på Åheim og i heimetenesta. Men psykisk helse og rus var styrka sist år gjennom at ei prosjektstilling gjekk over i kommunal finansiering. I tillegg var stillinga på tildelingskontoret(0,2) og avdelingsleiar i helseavdelinga (0,2) auka til fulla stillingar.

Avdeling	2016	2018	2019
Administrasjon	2,4	3,2	3,4
Heimetenesta	24,84	21,78	21,79
Enkelt brukar heimeteneste			5,0
Institusjon	36,1	31,57	31,57
Åheim bufellesskap	10,6	10,6	10,6
Enkelt brukarar Åheim	3,67	3,67	6,0
Kjøkken	4,51	4,51	4,51
Legeteneste	7,3	7,9 (inkl avdelingsleiar helse 0,6)	8,3

Helsestasjon-skulehelse/jordmor	3,4	3,4	3,2
Fysio/ergoterpi	2,0	3,0	3,0
Psykisk helse	4,0	3,6	4,6
Total	98,42	93,23 (Enkeltbrukarar 3,67)	101,97 (Enkeltbrukarar 11,0 )


For helse og omsorgsetaten er personalet den viktigste ressursen, men også den største utgiften.

Etaten har fortsatt arbeidet med å halde sjukefråværet nede. Samarbeidet mellom avdelingsleiarar, fastlegar og NAV er styrka gjennom prosjektet. Men det er viktig å arbeide med alternative løysingar heile tida, slik at flest mogeleg er i arbeid.

Satstingsområdet om høgare stillingar i helse og omsorg held frem, og vil fortsette åra som kjem. Det er viktig å sjå på nye turnusordningar, som gjev moglegheit for å auke stillingar for det beste for brukarane. Institusjon er snart inne på sitt tredje år med årsturnus. Det er med på å auke fleksibiliteten for både tilsett og for bruket av personale. Andel hele stillingar, på institusjon, har auka i perioden frå 2017 (25%) til 2019 (26.09%). Det ser ut som om trenden fortsetter og aukar 2020.

#### Tokke helsecenter, institusjon

Andel heltid/deltid i stillingene  
Trykk på knappene for å velge hva som skal vises (Sist oppdatert: 1/10 8:0)




Etaten har fått to vikarstillingar, som vil brukas på tvers av avdelingane, men det har vist seg å vera vanskeleg å rekruttere til denne type av stillingar. Stillinga har vert besett ein del av året og i den tida fungerte det bra.

Rekruttering av personale har vert problematisk gjennom heile året. Alle avdelingar har forskjellig grad hatt problem med rekruttering av spesielt sjukepleiarar og vernepleiarar, men også fastlege har i seinare tid vist seg vera vanskeleg å rekruttere. Rekrutteringstillegg for sjukepleiar på natt har fungert veldig bra og her er alle stillingar besette . Det er tydeleg at det må til ei auka innsats for å sikra framtidig rekruttering.


### 6.3. Status og utfordringar

11645: Brukarar av omsorgstenester per 31.12., etter tenestetype og år. Tokke, I alt, Brukarar av omsorgstenester (per 1 000 innbyggjarar).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

12003: Omsorgstjenester - brukere, etter tjenestegrupper og år. I alt, Tokke, Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall).



Regjeringa legg stor vekt på at innbyggjarar skal få moglegheit til å klare seg sjølv betre i kvardagen trass sjukdom, problem eller funksjonsnedsetting. Tenestene skal vera av god kvalitet og sikra brukarane innflytelse i sin kvardag.

Det forventas at kommunane legg opp til ei auke i bland anna:

- Samarbeid mellom brukar, pårørande og helsetenesta
- Ei fageleg sterk teneste
- Moderne lokalar og utforming av bu tilbod
- Styrking og endring av heimetenesta
- Fornying og innovasjon

Helse og omsorgstenesta i Tokke kommune har vert i endring dei siste åra. Fleire brukarar har behov for tenestar i eiga heim. Statistikken synar at den styrte utviklinga dei siste åra fungerer. Helsetenestar i eiga heim har auka jamt, likså habilitering og rehabilitering utanfor institusjon, det som vi lokalt har valt å kalla for kvardagsmeistring.

**Tildelingskontoret** var etablert 2018 og stillinga på tildelingskontoret var auka 2019 til ei full fast stilling. Det har skjedd ei større endring i sakshandsaming dei siste åra, ei profesjonalisering av tildeling av helse og omsorgstenestar. Tildelingskontoret fungerer svært godt, men det er lite kapasitet for å handtere alle søknader som kjem in. Nokon av brukarane har fått vente intill tre veker før dei får behandla si søknad, og det er ikkje godt nok i forhold til lov og forskrift. Det er ei jamn auke i søknader, men også i klager på helse og omsorgstenestar. Dialogen mellom tildelingskontoret, brukar og ofte pårørande aukar i tråd med regjeringa sin hensikt og det tar mykje tid. I tillegg er det svært sårbart med ei stilling på kontoret. Det blir laga ca 500 vedtak i helse og omsorg kvart år og det er i meste laget for ei person. Bemanninga er låg i forhold til kva for oppgåver som skal løysas og låg i forhold til andre i Vest Telemark.

#### ***Institusjon:***

2017 var talet på institusjonsplassar redusert frå 35 til 28. Hensikta var at redusere langtidsplasser og auke andel korttidsplasser. Det har i ettertid vist seg at det har vert vanskeleg å gjennomføre fullt ut. Ei av grunnene til det er at det fortsatt er mange langtidspasientar, som har plass på institusjonen, og som har hatt det over lang tid. Ei naturleg reduksjon av plassar var forventa, men endringar tar tid. Det vil bety at det tar ytterlegare tid, før enn er heilt i mål med færre langtidsplasser. Per dags dato er det fortsatt 5 langtidspasientar for mykje i forhold til plan. Det gjer at antall korttidsplassar er for få per i dag, for at det skal fungere optimalt.

I mars 2019 var det oppretta 2 midlertidige plasser på institusjon, totalt 30 plasser. Det har fungert godt og avlasta tenstane i nokon grad. Det var ingen pasient i andre kommunar over

sommaren, men i haust er andre kommunar bruk til enkelte pasientar. Det er ingen tvil om at det er bruk for dei 2 midlertidige plassane. Plassbruket henger saman med tilgjengelege omsorgsbustader. Behovet for fleire sentralt plasserte omsorgsbustader er aukande i takt med at institusjonsplassane blir færre.

#### **Demensomsorg:**

Demensomsorga er ei nasjonalt satsingsområde både for heimebuande og på institusjon. Behovet for plassar er aukande og bemanning på demensplasser bør vera høgare enn det som er vanleg bemanning på institusjon elles. Antall plasser bør aukas med 7, totalt 14 plassar (mot dagens 7). Det kan oppnås gjennom å bruka det som var den tidligare skjerma avdelinga, før det var bygt nytt. Med ei ekstra bemanningsresurs, kan resursen brukas fleksibelt på begge avdelingane.

Dersom heimestenesta blir styrka med nattenesta, så vil avdelinga klare å finansiere deler at auka bemanning på skjerma gjennom endring av bruk av resursar inne på institusjon.

Demensomsorg for heimebuande demente er også eit satsingsområde i åra som kjem. Tokke kommune er i ferd med å oppretta eit robustare dagtilbod, med hjelp av middlar frå helsedirektoratet. Støtta blir avslutta frå 2020 og går in i ramma til kommunen. Tokke kommune fikk kr. 772' til opprettning av plassar, i ramma er det lagt in kr. 215'. Det vil bety at kommunen sjølv må koste noko av utgiftene framover.

Dagtilboden for heimebuande demente er svært viktig for brukarar og pårørande. Det vil vera med på å styrke støtta som familiane treng for at brukarar skal bu lengst mogeleg heime. Ei slik tenesta vil også vera avlastande for omsorgstenesta i framtida.

I fleire år har etaten bedt om å få ei buss. For å organisere dagtilbod er det nødvendig å legge til rette for transport til dagavdelinga. Som det er i dag må brukarane ta drosje. Det vil bli veldig kostbart dersom denne ordninga skal fortsette. Brukarbetaling vil ikkje sjølv dekke utgifter til drosje.

Dagavdelinga – vennestoga- ligg slik som det er i dag organisera in under institusjon. Ei styrking av dagavdelinga vil i større grad retta seg mot heimebuande i framtida. Det vil vera meir hensiktsmessig å endre organiseringa av avdelinga in mot heimetenesta, slik at avdelinga vert lagt under avdelingsleiar i heimetenesta.

#### **Heimetenestane:**

Heimetenestane har hatt ei jamn auking av tenestetildeling dei siste åra. Det er ei konsekvens av reduksjon av institusjonsplassar, men også ei konsekvens av nasjonal politisk retting for helse og omsorgstenestane – det er forventa at fleire skal bu i eiga heim, gjennom hele livet. Dette er ei endring som må gjennomførast over tid. Ved omorganiseringa i 2017 var det gjort ei innsparing i heimetenestane. Me ser nå at det ikke var hensiktsmessig, tenesta burde heller vert styrka, då reduksjonen av institusjonsplassar var satt i verk.

Ei sterkare heimeteneste kan også vera med på å førebyggje funksjons svekt og sjukdomsutvikling og bidrage til å utsette institusjonsinnlegging, eller gjera institusjonsopphald unødvendig. Difor er det behov for å auke satsing på heimetenestar og tidleg innsats. Heimetenesta har også vert ei del av kvardagsmeistringsteamet. Skal enn fortsette den tidlige innsatsen er det nødvendig å styrke tenesta.

Heimetenestane pressa i forhold til kapasitet for å løyse alle oppgåver. Det er ikkje heller ei god nok natteneste for heimebuande når fleire skal bu heime. Det er gjort eit større arbeid med gjennomgang av dagens natteneste, og når fleire eldre med behov bur heime, så må nattenesta styrkast for å få ei god nok døgnteneste som dekker dagens behovet. Ei styrka natteneste vil også gjera at fleire kan bu heime med forsvarlige tenestar. Ei styrka nattenesta i heimetenesta, vil vera med på å frigjøre resursar på institusjon, for auka bemanning på skjerma avdeling.

Det er lagt opp til velferdsteknologiske løysingar i framtida. Det neste som står på tur nå er Digihelse. Digihelse er ei nasjonal løysing for digital kommunikasjon mellom heimetenestane og brukar/pårørande. Her kan enn kommunisere om planlagte besøk, avbestille besøk osv. Dette vil vera tidssparande på sikt, men også gje ei større innflytelse for brukarane. I Vest Telemark har Rådmannsutvalet vedtatt at innføre Digihelse til alle Vest Telemark kommunar samtidig som enn innfører mobil omsorg. Det medfører ei ny kostnad for innføring og drift.

#### **Kjøkken:**

Måltid og ernæring er satsingsområde frå regjeringa. Regjeringa sin nye reform «Leve hele livet» omhandlar bland anna mat, måltider og måltidsfellesskap. Det er satt stort fokus på ernæring og måltider. I 2017 var det innført eit ekstra måltid for alle som mottar mat frå kjøkkenet. Det har vert godt gjennomført og er med på å auka kvaliteten og livsgleden til mange.

Det er starta eit forprosjekt for ombygging av hovudkjøkkenet, som har behov for ei stor rehabilitering. Det er forventa å bli gjennomført i løpet av 2020 -2021.

#### **Åheim bufellesskap:**

Avdelinga har det seiste året jobba for å få til eit lokalt dagaktivitetstilbod for to brukar. Målet med satsinga er å skape gode lokale tilbod for brukarar og skape aktivitet i lokalmiljøet. Her har enn lukkast med å skape gode tiltak, som til og med har vert med på å gje ei inntekt. Det kan etterkvart vera aktuelt å samarbeide i større grad med dagavdelinga. Det vil vera viktig for å skape fleksible tilbod for enkeltbrukarar og for å vera med å bidra til fellesskapet. Det er mange av brukarane som blir eldre og som kan ha behov for tiltak nærmare heimen i framtida.

Det har til tider vert vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Det bør sjåas på ei rekrutteringsordning for å ivareta kompetansen i framtida.

**Helseavdelinga:**

Tokke kommune har gode førebyggjande tenestar og det vil vera svært viktig å ikkje redusere desse tenestane slik som situasjonen ser ut i dag. På sikt kan det vera med på å redusere det framtida behovet for omsorgstenestar. Barselomsorg, helsestasjon og skulehelsetenesta er viktige førebyggjande arenaer innanfor helse og omsorgssektoren. Arbeidet som skjer innanfor disse tenesteområda vil vera viktig for å sikre samhandlingsreformens intensjon om å «førebygge meir for å reparere mindre».

2019 var stillinga som avdelingsleiar auka frå 0,6 til full stilling. Den var delvis finansiera av midlar frå helsestasjon. Gjennom året har det vert litt skifte i leiinga, men stillinga er heilt nødvendig for å fylge opp personale, fag og administrasjon. Heile leiargruppa i helse og omsorg ser at dette er eit svært godt tiltak som fungerer og sikrar oppfølging. Det er mykje administrasjon knytt til legetenesta som stadig er i endring, både med rapportering, kontrollsysten og planlegging.

Legetenesta er i endring både lokalt og nasjonalt. Fastlegen har fått altfor mange oppgåver og det har konsekvensar for heile helse og omsorgstenesta. Det er varsle fleire endringar som heilt sikkert vil ha konsekvensar for små kommunar. Det viktigaste er å få rekruttert og behaldt legar til faste stillingar.

Rus og psykisk helse er eit område som aukar i omfang. 2019 fikk vi gjort om prosjektstillinga til fast stilling, og det gjer eit forutsigbart og godt tilbod for mange. Dei siste åra har vi sett at det er behov for fleire omsorgsbustader knytt til denne gruppa. Det er tatt i bruk ei fløyel, J som tidligare var aldersbustader på avdeling B, på institusjon. I førre omorganisering var denne del trekt ut og lagt om til omsorgsbustader. Det siste året har det vert bruka spesielt til ei gruppe med store omsorgsbehov. Det har fungert svært bra og vil vera hensiktsmessig bruk med omsyn til fleksibel bruk og styrking av kompetanse, og ikkje minst sikkerheit for personale.

Det er satt i gong eit kartleggingsarbeid i psykisk helse og rus, men det er ennå ikkje sluttført.

**Kreftbehandling i kommunane:**

Tokke kommune har det siste året arbeida saman med Sjukehuset Telemark og Vinje kommune om eit desentralisert tilbod om kreftbehandling i kommunane. Forprosjektet var avslutta sommar 2019 og konklusjonen er at det finnes store mogelegheita for å skapa eit godt tilbod for kreftbehandling i kommunane, slik at pasientar ikkje trenger å reise til sjukehuset kvar gong. Det er innstilt for å gå vidare med eit hovudprosjekt frå haust 2019, som strekker seg over eit år. Det er løyva støtte frå Fylkesmannen og samhandlingsmidlar frå STHF, men det er behov for ytterlegare finansiering for å få gjennomført hovudprosjektet. Det var gjort vedtak om støtte frå Tokke kommune i kommunestyret i september.

### **Kvalitet og leiing:**

Gjennom kvalitetsforskrifta » Ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten» frå 2017 aukar krava til kvalitet, krav til oppfølging samt krav til forsvarlege tenestar i kommunane. Dei siste åra ( 2018 – 2019) har det vert gjennomført to planlagde tilsyn frå helsetilsynet. Det eine innanfor rus og psykisk helse, det andre innanfor miljøretta helsevern barehage og skule. Tilsyn og oppfølging tar mykje tid og som situasjonen er i dag klarer ikkje avdelingsleiarane å oppretthalde kvalitetsarbeid og ikkje heller følgje opp personale i forsvarleg grad. Det er fleire grunner til det. 2017 var stilling som assisterande avdelingsleiar i heimetenesta trekt in som sparing. Det har vist seg at det at det ikkje har fungert. Heimetenestane har dei siste åra auka andel oppgåver og personale i staden for tvert imot, og det vil vera nødvendig å føre attende den resursen. Det vil sikra forsvarleg oppfølging i heimetenesta. Ei anna grunn til at avdelingsleiarane ikkje lenger har tid til å fylgje opp kvalitetsarbeidet er at dei brukar svært stor del av arbeidstida til å ringe og organisere personale. Her har etaten ei 40 % konsulent stilling som skal fylgje opp rekruttering og ringe etter vikarar, men denne har vert brukta mest i heimetenesta, for å fylle behovet av ei assisterande avdelingsleiar. Gjennom å åter oppretta stilling som assisterande avdelingsleiar i heimetenesta vil denne resurs bli frigjort, og kan igjen avlaste avdelingsleiarane slik at dei kan fylgje opp arbeidet med kvalitetsforbetring og oppfølging av avvik/lovbrot, samt personale.

### **6.4 Areal og arealbehov**

Tokke helsecenter er gammalt og har stort behov for oppussing. Det er ikkje bad på alle rom og det gjer at det per 2019 ikkje er klassifisert som ei moderne institusjon. 2016 var det starta ei prosess på oppussing, med eit rom per år. Det går alt for langsamt og på tre år har det vert renovera 3 bad totalt. Det er fortsatt 11 rom som ikkje har eiga bad, og bada er i dårlig stand.

Dei siste åra har fleire søkt seg til omsorgssentret, og det er eit auka behov for fleire omsorgsbustader som ligg sentrumsnært. Omsorgsbustadene i Høydalsmo fungerer svært bra og det er for tida fullt. Det er tydeleg at det er bra for menneskjer å bu i fellesskap.

Behovet for bustader for menneskjer med utfordringar knytt til rus og psykisk helse har også auka. Gjennom 2019 har tre leilegheiter, i fløyel J, vert i bruk for å skape eit fellesskap for denne gruppe. Det har fungert veldig bra og dette bør bli ei fast ordning. Det vil vera med på å samle brukar, og framfor alt resursar knytt til enkeltbrukarar, på ei hensiktsmessig måte.

### **6.5. Mål i handlingsprogramperioden**

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
---------	------------------------	-----

6.4.1.	Auka dialogen med brukarar og pårørande  Tiltak :  Gode informasjonsverktøy med oppdatera informasjon  Styrke dialogen gjennom å oppretta brukarutval Gjennomføre brukarundersøking i omsorgstenesta	Tokke innbyggjarar skal vera informere og oppleve medbestemming og involvering
6.4.2	Tiltak:  - Kartlegge behovet for omsorgsbustader (revisjon bustadsosial handlingsplan)  - Legge om og øremerka avdeling J for psykisk helse og rus	Innbyggjarar skal vera i stand til å ta ansvar for eiga bu situasjon  Sikra tilstrekkelig med omsorgsbustader for å dekke behovet
6.4.3	Tiltak: . Sikra heilskaplege tenesteforløp gjennom bruk av Individuell plan og systematisk bruk av kartleggingsverktøy for brukarar	Koordinerte samordna og trygge tenestar til innbyggjarane

## 6.5 Investeringsstatus/behov

Tiltak	Status
Kjøkken – oppussing	Prosessen er starta opp. Oppstart med oppussing 2020.
Carport heimetenesta	Grunnarbeid er satt i verk. Skal vera ferdig i løpet av oktober – november 2019
Lager/skur Åheim	Blir starta opp i løpet av hausten
Bad Tokke helsesenter	Oppussing av eksisterande bad på avdeling B vil fortsette med 1 -2 bad per år.  Det blir oppretta nytt prosjekt frå 2020 for avdelinga A der 11 rom manglar eiga bad.

Helsehus/tannlegekontor	Ekstern vurdering av bygg vil bli gjennomført og forslag til løysing vil bli lagt frem for vurdering
Hardsbruksbustad	Ikkje starta opp. Prosess startas opp i løpet av hausten med omsyn til beliggenhet
Elektronisk lås system	Blir starta opp i 2020
Biler heimeteneste	Fylgje opp plan for biler i HO Eventuelt vurdere leasing
Medisinrom	Nytt tiltak 2020
Buss (eventuelt drift)	Nytt tiltak 2020
Lager hjelpe midlar	Nytt tiltak 2020

## 8. Planområde 4 - Plan, næring og teknisk

### 8.1. Økonomi

Planområde 4 har ei nettoramme for 2020 på kr 30 305 000.

Det er tilført ramma midlar til nye tiltak med kr 275 000, jf tabell 3. Kommunestyret auka ramma for 2019 med ytterlegare kr 1,1 mill. i budsjettvedtaket.

---

Kommunalsjef er øvste leiar for administrasjonen i 100% stilling. Etaten har ei merkantil stilling i 100% som mellom anna fakturerar kommunale avgifter og gebyr, utvalshandsaming m.m. på alle områda.

#### Plan og næring:

Plan og næringssområdet har 5 årsverk som er direkte lagt til kommunalsjefen: Byggjesak 100%, kart/oppmåling 100%, landbruk 100%, skog/utmark 100% og reiseliv 100%. I tillegg har vi lønsbudsjett på omlag 100 000,- til innleige turistkontor og 150 000,- til sysselsetningsarbeid for skuleungdom.

Jegerkorps har eit budsjett på 80 000,-.

Kommunalsjefen har tre avdelingsleiarar for tekniske avdelingar for områda VVA, uteavdeling og eigedomsforvaltning.

#### Uteavdeling:

Arbeidsformann i 100% stilling er avdelingsleiar og har ansvaret for dagleg drift av bygningar og anlegg. Avdelinga har 10 tilsette, fordela på 9,17 årsverk. 0,8% stilling er redusert nyleg for å overføre

lønsmidlar til drift. Dette har gjeve ubalanse mellom naudsynt behov for drift og vedlikehald, og tilgjengelege ressursar med byggfagleg bakgrunn. Vi rår difor til at stillinga blir lyst ut, men det føresett auka lønsmidlar i budsjettet.

#### Eigedomsforvaltning:

Eigedomsforvaltar i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagfelta reinhald, byggforvaltning og brannberedskap. På reinhald er det 16 tilsette fordela på 12,57 årsverk. Brann har 16 stillingar på 1,4%, totalt 0,224 årsverk.

#### Vatn og avlaup:

VVA – ingeniør i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagområda veg, vatn og avlaup. Avdelinga har i tillegg 4 årsverk fordela på 4 tilsette. Avdelinga tek mykje vedlikehald og investeringsprosjekt i eigen regi, saman med tilsette frå uteavdelinga. Dette fungerar veldig bra, og sparar oss for utgifter.

Opptrapping av V/A – gebyr opp til sjølvkost er gjennomført etter budsjettvedtak, med 15% i 2014, 2015 og 2017 og 7% i 2018 og... **i 2019**. Gebyrnivået bør frametter følgje prisveksten.

#### Renovasjon og slamtøming:

Lokal føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljar, samt gebyr for feing/ tilsyn, vart endra i 2019 som følgje av naudsynte og lovpålagte tilpassingar. Ein konsekvens av dette er noko lågare gebyr for hushaldningar, men og ei auke i gebyra for hytter.

#### Politisk organisering:

Utviklingsutvalet (UTU) handsamar saker innafor områda teknisk drift, byggjesak, reiseliv og landbruk. Formannskapet handsamar saker om næringstilskot, sal av næringsareal, samt plansaker; reguleringsplanar, kommunedelplan m.m.

### **8.3. Utfordringar**

#### **Generelt:**

Utfordringa for etaten er å stabilisere budsjett i høve til driftsnivået tilpassa dagens tenestar og drift. Midlar til vedlikehald av t.d. bygg og vegar må avspegle dei faktiske tilhøva: Vi har 63 km kommunal veg og nesten 100 bygningar med samla areal på 40 000 m<sup>2</sup>. Etter fleire år med kutt/ innsparingar har uteavdelinga lite midlar tilgjengeleg på driftsbudsjettet. Mykje godt arbeid er sett i gang for å få ned utgiftene, t.d. ENØK – tiltak på kulturhuset som var gjennomført i 2018, ser ut til å gje ei innsparing på 400 000 kWh dvs omlag 400 000,- på årsbasis.

#### **Plan:**

Ny/ revidert planstrategi må utarbeidast i 2020, jfr krav i lovverk.

<https://img8.custompublish.com/getfile.php/4438421.2638.mtnatqijibwmmq/planstrategi-2016-vedteke310816.pdf?return=www.tokke.kommune.no>

Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling utgjer årleg omlag kr 600 000,-, byggjesak 250 000,- og plan 50 – 100 000,- , totalt om lag 900 000. Desse kan variere ein del frå år til år og er nå budsjettert relativt høgt. Fagressursane blir bruka på tvers mot tekniske avdelingar, med byggprosjektering, oppmåling og kartfesting av anlegg, forvaltning av næringsareal, bustadtomter m.m.

Endring av reguleringsplan Dalen blei i 2019 sett på vent grunna avklaringar kring mogleg område for leilegheitsbygg. Me rår til at saka om avgrensing av planområde kjem opp på ny, der ambisjonsnivå og politiske avklaringar blir lagt til grunn for oppstart av planarbeid. Det vil vere behov for innleige av plankapasitet for å gjennomføre eit så omfattande reguleringsplanarbeid som dette. Avsette planmidlar i budsjett 2019 på 250 000,- blir bruka til plan for bobilparkering Dalen brygge (omlag 100 000,-). Realistisk budsjett for eit så stort planarbeid som på Dalen, vil truleg ligge ein stad mellom 500 000 – 1 mill. For å få ned desse kostnadene, prøvar me å gjere mest mogleg i eigenregi.

I 2019 har planstrategien prioritert oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Dette vil vi ikkje ha kapasitet til å ta fatt på i 2019, men vil vurdere evt oppstart i 2020. Me meiner reguleringsplan for Dalen er viktigare å få revidert nå.

#### Næring:

Med ny skog- og utmarksrådgjevarstilling og næringsrådgjevarstilling i organisasjonen, har kapasiteten til å jobbe aktivt med utadretta næringsarbeid, drive næringsprosjekt, ha nær dialog med eksisterande næringsliv, drive oppsøkande arbeid for nyetableringar, m.m. Fleire prosjektretta satsingar er i kjømda nå, m.a. Øko-gard Lårdal Prestegard, Sykkelbygda Dalen og utvikling av Moen gard.

Satsing på nyetableringar og utvikling av eksisterande verksemder, med særleg fokus på bruk av Tokkestad – bygga som er kjøpt på Dalen saman med næringsarealet i Høydalsmo , vil framleis ha høgast prioritet.

I vedtek 17/32 vedtok kommunestyret delfinansiering av breibandsutbygging i grendene, med 1 mill i 2019 og 1 mill i 2020. Dette må takast over driftsbudsjettet.

Tokke har eit høgt tenestenivå på reiselivsområdet [www.vistdalen.com](http://www.vistdalen.com) , noko som har vore høgt prioritert politisk. Vi har hatt ei auke av arbeidsplassar knytt til «besøksverksemder» og det er eit av områda nasjonalt som blir sett på som vekstnæring. Det er viktig at vi klare å halde oppe aktiviteten og fokuset på dette. Vi satsar stadig på å bygge attraktivitet både for besøkande og fastbuande, og søknader om nye eksterne midlar til m.a. tiltak/ fornying og skilting av turvegane våre, er eit satsingsområde. Utskifting av m.a. benkar ved reiselivsanlegg må prioriterast i 2020.

#### Faste utbetalingar Næringstiltak (midlar frå konsesjonsavgifter):

Telemarkskanalen Regionalpark	207 000,-
Skien – Dalen Skipsselskap	100 000,-
Henrik Ibsen	100 000,-
Visit Telemark	85 000,-
Skafåsåheim Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift)	120 000,-
Dalsmarken	30 000,-
Tokke Båtlag	21 000,-

Tilskot marknadstiltak (Næringsamskipnad)	50 000,-
Haukelivegen AS	22 500,-
<b>TOTALT, næring</b>	<b>735 500,-</b>

Næringsplan (2016 – 2020) bør reviderast i 2020.

#### **Landbruk:**

Post for kommunale tilskot etter landbruksplan, har dei siste åra vore på kr. 500.000. For 2019 var det overførte midlar frå 2018 på kring 200.000 samt ei tilleggsøyving på kr. 300.000 for å dekkje søknadene som kom inn. Alle midlar er brukta opp. Det er nydyrking som har auka forbruket i 2019. Me bakgrunn i dette gjer me framlegg om å auke ramma **med minst kr. 300.000**, dvs til totalt 800 000,- i årleg ramme til tilskot etter landbruksplanen.

I løpet av 2020 vil me revidere gjeldande landbruksplan for komande valperiode.

På grunn av auka bemanning innan landbruksområdet og på næring, vil me jobbe meir prosjektretta med tanke på busetjing/ tilflyting på landbrukseigedomar, oppfølging av buplikt, lokalmat, osv i samarbeid med samfunns- og næringsutviklaren.

#### **Næringsareal**

Omlag 22 daa av næringsområdet på Høydalsmo er no ferdig opparbeidd. Me treng midlar for å jordsetje skråningar, så til/ plante, legge til rette stopp-punkt m.m.. På Dalen er det lite att av opparbeidd, ledig næring/ industriareal: På Haugsevje er me i forhandlingar om kjøp av kring 8 daa regulert industriareal. Midlar til kjøp bør inn i budsjett 2020. På Vistadmoen har me omlag 10 daa i kommunal eige som er regulert men ikkje opparbeidd til tomter.

Endring av reguleringsplan for heile Dalen bør innehalde strategi/ avsetjing av framtidig næringsareal for neste 12 – 20 år.

#### **Eigedom-/ byggforvaltning**

Avhending av kommunale bygg: Mo og Åmdal Verk alderspensjonat er selt. Alderspensjonat i Lårdal er framleis i kommunens eige, vi førebur nå eit nytt framlegg om sal.

Kommunale vegar og byggforvaltning treng budsjettmidlar til vedlikehald. Eigedomsavdeling har nå ein nyleg vedteken vedlikehaldsplan som synleggjer behovet for vedlikehald av kommunale bygg.

Vegplan og maskinplan for uteavdeling, gjer framlegg om prioriteringar innan desse områda for inneverande 4-årsperiode, som er lagt til grunn i budsjettframlegget. Saman med vedlikehaldsplanen gjev dette eit godt grunnlag for budsjettering, både av driftsnivå og investeringar i åra som kjem.

#### **Uteavdeling:**

Mannskapet på uteavdelinga har vore bunde opp i mange investeringsprosjekt i 2019: brannstasjonen, skulekjøkken i Høydalsmo og på Dalen, carportar osv. Ved hjelp av innleigd hjelpe og 2 personar inne på korttidskontrakter har me fått måla leilegheitsbygget på Moensjordet og skifta

tak på dette. Vedlikehald av bygningsmassa blir stadig skuva på for å gjennomføre investeringsprosjekt. Det er behov for minst ei ny stilling som me no har fenge lov til å lyse ut, finansiert med investeringsmidlar. I formannskapssaka blei det i tillegg varsla behov for auka lønsrammer. Grunnen til dette er at me i dag brukar investeringsmidlar for å gjennomføre investeringsprosjekt, då det ordinære lønsbudsjettet er for lågt til å halde oppe eit minimum av tilsette. For å stabilisere lønsbudsjettet nå når ei eiga stilling skal finansierast av investering, må lønsbudsjettet aukast.

Økonomien på uteavdelinga er bunde opp i faste utgifter, serviceavtaler, med særslite midlar til vanlege vedlikehaldsoppgåver både på bygg og veg. Ved uføresette hendingar vert det fort overskridningar i budsjett. Straumbudsjettet er altfor lågt, etter år med unrealistiske innsparinger. Utfordringar framover på bygg å fylgje opp vedlikehaldsplanen, m.a. med nytt kjøkken Tokke helsecenter, ny garderobeløysing kommuneverkstaden og nye toalett Tokke skule.

### **Reinhald**

Reinhaldarane i Tokke kommune gjer ein veldig god og viktig jobb for alle tilsette, brukarar og pasientar i Tokke kommune. Reinhaldarane får stadig nye område/oppgåver, noko dei løyser utruleg bra. Det har vore veldig mykje søkerar på jobbane som har vore utlyst, noko som er veldig positivt med tanke på rekruttering til yrket. Me har ein reinhaldar som startar med fagbrevet i januar 2020, noko som er veldig bra.

Det har vore diskutert arbeidstidene til reinhalderane, dette må me få avklart snart. Skal dei starte kl 05.00 som dei gjer i dag vil det medføre ekstra kostnader på lønn. På visse områder vil det av omsyn til brukarane, vere viktig å vere ferdig med reinhaldet innan ei viss tid på morgonen.

I løpet av 2019 vil me ha oppdaterte reinhaldsplanar. Det har i mange år vore defekt lager på vaskemaskina på Tokke kulturhus, den bråkar veldig mykje. Reparasjon av denne kjem på rundt 40 000,-+mva, men maskina er frå 2006. Ny maskin kostar 58 000,- + mva. Den må kjøpast inn i 2020. Det er eit stort behov for ein bil i ambulerande team.

### ***Maskinplan reinhald prioritert rekjkjefølge:***

1. Vaskemaskin kulturhus	75 000,-
2. 4 stk vasketraller helsecenter	32 000,-
3. 2 stk poleringsmaskiner	50 000,-
4. 2 stk småbørstemaskiner	40 000,-
5. 1 stk rensemaskin møblar-teppe	8 000,-
6. 1 stk teppestøvsugar	3 500,-
	208500,- inkl mva

### **Brannkorps**

Tokke Brannvesen har 16 profesjonelle og motiverte brannkonstablar, som det er viktig me tek vare på. Brannvesenet har dei siste åra fått eit kjempeløft når det gjelder stasjon, utstyr og utdanning. Likevel er det ein del som manglar av utstyr som me på sikt må kjøpe, i tillegg til at me må fullføre

oppgraderinga av stasjonen. Det manglar framleis vaskehall, eksosavslag, grovoppvaskmaskin for utstyr osv. Det er ønskeleg å anskaffe kompressor for fylling av luft til røykdykkar utstyr, me er i dag heldige at me har 4 stk med jobb i Statkraft slik at me har nytta den til å fylle luft. Det er veldig sårbart.

Det vil heile tida vere behov for ny kursing. Kompetansekrava innan brannvern har auka mykje siste åra. Kursbudsjett burde difor aukast. Antal øvingar bør òg aukast.

Tokke Brannvesen treng å take i bruk heile brannstasjonen sjølv snarast råd, det er ein uhalldbar situasjon slik det er nå, der raude krossen må bruke delar av anlegget. Meire utstyr krev meir plass. Me satsar på ei løysing på dette snarast råd. Ny tankbil er planlagt innkjøpt i 2021.

### Vatn og avlaup

Vatn- og avlaupsavdelinga er avhengige av samarbeid med uteavdelinga når det gjeld vaktordning samt oppgåver kring drift- og investering. Me er sårbare i høve til sjukdom, og det er viktig å ha stillingar nok til ein kvar tid, for å halde oppe tenestenivå og naudsyn kompetanse.

Vedlikehald av kommunaltekniske bygg blir ofte nedprioritert for å halde oppe drifta, men me prøver å finne løysingar i eigenregi når det er kapasitet. Sjølv om ein leiger hjelp er det vanskeleg å få gjennomført dette grunna kapasitetsvanskar. Med auka bemanning på uteavdeling/ VA kunne me ha pålagt operatørane byggvedlikehald i tillegg til driftsoppgåver og mindre prosjekt.

Innkjøp av gravemaskin jfr framlegg til revidert maskinplan, vil vere viktig for beredskap og for å bruke ressursane me har effektivt. Langsiktig VA – plan er under utarbeiding. Delar av denne er teke inn nedanfor, for å synleggjere investeringsbehovet på anlegga frametter.

### Vassforsyning

Stad/ anlegg	Tiltak	År	Ca mill.
Høydalsmo VV	Bestemme seg for vegen vidare. Anlegget må gjerast noko med, enten i form av kapasitetsutviding eller nytt anlegg	2020-2022	3 ?
Dalen VV	Forprosjekt - utgreie vassbehandling for å heve pH og stabilisere alkaliteten på vatnet	2023	0,1
Hallbjønnsekken VV	Opprusting av UV anlegg til dagens krav. (Pålegg Mattilsynet)	2020	0,3
Ledningsnett	Rehabilitering og utskifting av VA -ledningar	2021 - 2023	1,85
Forsyning til Tokke gravferdsbyrå	Forlenge stikkledningar på ny tomt – Høydalsmo Industriområde	2020	0,1

### Avløpsanlegg

Stad/ anlegg	Tiltak	År	Ca. mill
Hallbjønnsekken RA	Utarbeide konkurransegrunnlag for rehabilitering av anlegget.	2019-2023	15
Dalen RA	Prosessoptimalisering	2020	0,7

<b>Høydalsmo RA</b>	Skifte ut avvatningsutstyr som er 35 år gammalt – Utarbeide grunnlag for konkurransen.	2019-2020	0,7
<b>Slamhandsaming - generelt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bestemme kva ein gjer med «våtslam» frå Åmdals Verk RA, Lårdal RA og Hallbjønnsekken RA. Me har fått utarbeida ein rapport frå Pajco Consult som tek for seg alternative løysingar</li> </ul>	2021	
<b>Tømestasjon Dalen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere tømestasjon for bubilar - Dalen</li> </ul>	2020	0,8

## 8.4 Investerings, tabell 2:

Det er mykje press på avdelingane ute på teknisk, på grunn av store investeringsprosjekt med flaumsikring (avsluttast i denne omgang hausten 2019) og næringsområdet i Høydalsmo. I åra som kjem må vi prøve å planlegge meir realistisk i høve til gjennomføring.

Det er stort behov for utskifting av utstyr, samt oppgradering av bygningar og anlegg på teknisk sine område. Vi jobbar med å ajourføre maskinplan, V/A – plan, trafikksikringsplan, vegplan og vedlikehaldsplan, som vil ligge til grunn for prioriteringar av investeringar. Vedlikehaldsplan er vedteken i 2019, vegplan, maskinplan og trafikksikringsplan blir slutthandsama hausten 2019.

### Maskinplan:

Vedteken maskinplan frå 2019 med prioriterte innkjøp i perioden, blei ikkje fylgd opp av budsjettvedtak 2019. Me heng difor litt etter på naudsynte innkjøp. Ekstraordinær sak om tilleggsløyving til maskinplan 2019 for innkjøp av gravemaskin og lastebil, blei avsleghen. Revidert maskinplan 2020 – 2022, kjem til ny handsaming underveis i budsjettprosessen.

#### Naudsynte prioriteringar i 2020 er slik (totalt 3 550 000,-):

Etterslep frå 2019 – ein sitjegrasklyppar + snofrès:	300 000,-
Ny JCB traktor	2 350 000,- (medrekna innbyte 250 000,-)
Gravemaskin 14 T	800 000,-
Tralle til gravemaskin – transport	100 000,-

### Tømeanlegg - bubilar

Anbod var ute våren 2019. Pris som kom inn var på det dobbelte av budsjett (400'). Budsjettet må difor opp med 400 000,-. Dersom innkjøp av gravemaskin, kan delar gjerast i eigenregi.

### Reinseanlegg Hallbjønnsekken:

Investeringar er lagt inn i framlegg til investeringsbudsjett fordela på 2020 og 2021, med bakgrunn i K-sak 19/13 – Plan for utbygging av RA5 – Hallbjønnsekken reinseanlegg.

### **Oppgradering av sanitæranlegg Tippen:**

Gamle anlegg, bør oppgraderast som ein del av reiselivssatsinga i området, samt møteplassar for lokalbefolkninga. Me har gjennomført nytak på Tippen i 2019, men det stend framleis att investeringar innvendig på bryggja og Tippen. Tangane er ferdig oppgradert.

### **Rehabilitering av VA – nettet:**

Prioritert i 2019 og slege saman to år for å få teke lengre strekning (Nestestogjordet). Prioriterast ikkje i 2020 pga mykje arbeid Hallbjønnsekken.

### **Låsesystem:**

På grunn av nye reglar om personvern, GDPR, er nye låsesystem for kommunale tenestebygg høgt prioritert, både i vedlikehaldsplan og i budsjettprioriteringane. Held fram på helsehuset.

### **Oppgradering av kommunale utleigeeiningar:**

Vedlikehaldsplanen legg opp til ei opptrapping med opprusting av utleigeeiningane til dagens standard. Mykje av bygningsmassa er ifrå slutten av 70-talet.

### **Kommunale vegar**

Investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar er lagt inn budsjett og økonomiplan med bakgrunn i vegplan. Rehabilitering av Vistad bru i Modalen er eit krav etter tilsyn/ klassifisering tømmertransport som må kome i 2020.

### **Trafikksikring**

Investeringar som gjeld trafikksikringstiltak, er lagt inn som følgje av prioriteringar trafikksikringsplan. Eiga sak med prioriteringar kjem parallelt med budsjettthandsaminga.

### **Flaumsikring Tokkeåi**

Flaumsikringsprosjekta på Dalen skal avsluttast hausten 2019, og evt nye tiltak/ omfang skal vurderast vinteren 2019/ 2020 i samarbeid med NVE. Resultatet kjem ikkje før i budsjett 2021.

### **Enøk**

Prosjekt 6160 ENØK kommunale bygg: Det må lagast nye Enova–søknader i samband med planlegging av nye tiltak. Dette har me ikkje hatt kapasitet til i 2019.

### **Auka kostnad, brannstasjonen på Dalen**

For å ferdigstille vognhallane i brannstasjonen i høve avtrekk for eksos og for å få ned driftsutgiftene i høve oppvarming er det ynskjeleg å sjå på dette i samband med ENØK tiltak elles. Det medfører at me treng ca. 900 000 på investeringsbudsjettet i 2020.

### **Ny vasskjelde Høydalsmo**

Etter mange år med testing av aktuelle brønnar og tekniske løysingar, må me prøve å lande på permanent løysing. Stipulert investering er på 3,0 mill og bør gjennomførast i 2021.

### **Brannsikring Tokke skule**

Etter tilsyn er det naudsyn med nye branntavler på Tokke skule, Dalen. Dette er eit pålegg som må følgjast opp i 2020.

### **Garderobeanlegg – kommuneverkstad**

Tiltaket har vore påpeika i fleire år av vernetenesta. Må prioriterast snart.

### **Auka rammer i opparbeiding av næringsområde + kjøp av nytt industriareal på Dalen**

Kjøp av industriområde Haugsevje og jordslaging/ etterarbeid på næringsområdet i Høydalsmo bør prioriterast i 2020. Viktig for etablering av nye verksemder.

### **Ny betong – flytebryggje i Lårdal**

Må prioriterast i løpet av få år.

### **Steinmolo Dalen bryggje evt erstatning med betong-flytebryggje**

Har blitt jobba med alternativ i fleire år. Tiltak ligg inne med 500 000,- i investeringsbudsjettet for 2021. Dette er for lite dersom det skal gjerast tiltak med steinmolo, som har knekte bjelkar i steinfyllinga.

### **Fortsterka omsorgsbustad**

Flytast til 2021 grunna utgreiing av plassering og økonomi.

### **Høydalsmo barnehage:**

Høydalsmo barnehage er lokalisert i eit eldre bustadhus. Bygget er ikkje særleg egna til føremålet, det er trond for omfattande vedlikehald og endringar. PNT har vore på synfaring i barnehagen og ein reknar med ei investering i storleik av kr 2 mill. Vidare er deira vurdering at det blir ei lita tilfredsstillande løysingar. Rådmannen meiner det vil vere lite tenleg å gjere ei investering i denne storleiken, utan at ein får gode løysingar. Det fins ulike løysingar ein kan tenke seg; nybygg (omlag 20 mill) – bruk av eksisterande bygg, treng også her investeringar – ei større opprusting av eksisterande bygg, så ein får tilfredsstillande barnehage.

Kommunestyret må ta stilling til alternativ administrasjonen skal arbeide vidare med for å få tilfredsstillande driftstilhøve i Høydalsmo barnehage.

### **«Stillerom» på biblioteket**

I dag er det to rom som er tenkt for å drive eige arbeid ol. Utforminga på desse to romma har ei slik utforming at dei ikkje er lydisolert, snarare er arkitekturen slik at ein får ei forsterking av lyden i desse romma.

Ein har mangel på plass for kulturskulen, som gjer at møterommet blir nytta til undervisning. Noko som gjer det vanskeleg for andre å leige møterom på kulturhuset. Det er uheldig for å kunne auke aktiviteten på kulturhuset. Ved ein kunne nytte eit av desse romma til noko musikkundervisning, så får ein frigjort møterommet.

## 8.5 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 4 - PNT			
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål	Prioritering
8.5.1	Revidere planstrategi for komande 4-årsperiode. <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/</a>  <a href="https://www.tokke.kommune.no/kommuneplan.491628.nn.html">https://www.tokke.kommune.no/kommuneplan.491628.nn.html</a>	Prioritering av planoppgåver i komande valperiode, lovkrav.	Bruke eigne ressursar.
8.5.2	Oppstart med ny reguleringsplan Dalen. Føreset midlar til innleige på planarbeid.	Stadsutvikling, leggje til rette attraktive areal for bustadbygging og næring.	Ekstra løyving + overføring av rest frå 2019
8.5.3	Arbeid med positiv profilering av Tokke, synleggjering, salsarbeid næringsareal og prosjektarbeid Moen gard, Sykkelbygda.	Etablere nye arbeidspassar og skape attraktivitet og vekst i folketalet.	Bruk av eigne ressursar. Prosjektarbeid med søknader om ekstern finansiering.
8.5.4	Starte arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel (2005). Oppdatere lovpålagt, juridisk bindande plan i høve arealforvaltning og utbyggingar. Heiplan og nye nasjonale føringer må følgjast opp, nye lokale innspel og ynskje må utgreiast osv.	Ajourføre gjeldande, lovpålagt planverk som er overordna styringsverktøy for areal- og byggjesaker i heile kommunen.	Må vente til 2021/ 22 pga kapasitet og midlar.
8.5.5	Utvikle Dalen bryggje med oppgradering av anlegg, ny drift av bobilparkering og samla profilering av området. Eigen sak med plan frå Feste landskap, kjem til handsaming.	Utvikle reiselivssatsinga og attraktivitet for besøkande.	Drifte bobilparkering i eigenregi. Oppgradere anlegget i inv.prosjekt.
8.5.6	Oppgradere maskinpark, utstyr og vaktordningar på tekniske uteavdelingar for å fremje effektiv ressursbruk, trivsel og god beredskap.	Utvikle gode og framtidsretta tenestar og eit effektivt driftsapparat.	Høgt prioritert! Etterslep i mange år.
8.5.7	Auke driftsbudsjett på tekniske avdelingar	Halde oppe tenestane og innhente budsjettmangel.	Må prioriterast.

## **9 Kommunale avgifter og brukarbetaling**

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, men dekningsgraden på vatn- og kloakk var høvesvis 94 og 99% i 2018.

### **9.1 Vatn, avløp og renovasjon**

Budsjettframlegget inneber følgjande:

3,0% auke i vass- og kloakkavgiftene i 2020. Avgiftene skal harmoniserast slik at avgiftene i hytteområde ikkje er høgare enn dei høgaste i kommunale bustadfelt. Avgifter for septiktøming og renovasjon fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala.

### **9.2 Andre avgifter og brukarbetalingar**

**Feiing - brannsyn**

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

**Husleiger**

For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.

**Pleie- og omsorg**

Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 3 %. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 3%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningsliner blir justert til det som lovverket gjev høve til.

**Skule og barnehage**

Satsane for grupper i kulturskulen for dei over 18 år blir auka med 3%, satsane blir elles ikkje auka i 2020. Me legg framleis noko høgare i brukarbetaling enn dei andre kommunane i Vest-Telemark.

Satsane for barnehagebetaling vert endra i tråd med dei statlege føringane. Maksprisen er i statsbudsjettet auka med kr 145 til kr 3 135 (4,9 %) frå 01.01.20.

For skule-/fritidsordninga blir satsane auka med inntil 3 %.

**Plan, næring og teknisk etat**

Det er underdekning på byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr og plangebyr. Det blir lagt opp til ca 3% auke i 2020. Det er eit mål om 40% dekningsgrad på lengre sikt, dekningsgrad i 2018 var på mellom 6 og 39%.

## **10 Fond og gjeld**

### **Fond**

Disposisjonsfonda minka mykje fram til 2017, men er tilført nye midlar i åra 2018-2019. I 2019 går fondet ned med kr 1,1 mill.

### **Gjeld**

Ved utgangen av året 2019 vil me ha 174 mill kr i gjeld. Dette utgjer kr 78 000 pr innbyggjar. I 2023 syner prognosa kr 216 mill. i gjeld, kr 97 000 pr innbyggjar.

## **11 Budsjettvedtak**

### **1. Budsjett 2020, handlingsprogram og økonomiplan 2020-2023.**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nyttå høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det. Rådmannen delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Rådmannen justerer økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. 0,7% av lønsmidlane blir trekt ut av kvart planområde, lagt på planområde 1, og disponera av rådmannen med tanke på utjamning av lønsjusteringar.
